

Sak 12/2013

Nye strategiske satsingar

Prinsipp for strategiske satsingar

Bakgrunn

Det regionale samarbeidsorganet ba i sak 49/2012 sekretariatet om å førebu ei sak om prinsipp for etablering og regelverk for komande strategiske satsingar. Under følger forslag til diskusjon i Samarbeidsorganet.

Etablering og gjennomføring av strategiske satsingar

Ei strategisk satsing finansiert av Det regionale Samarbeidsorganet har som mål å gje støtte til etablering og utvikling. Nokre satsingar har til hensikt å løfte fram samarbeid i regionen, andre vil ha til hensikt å utvikle eit fagområde/tema/strukturell ordning som ikkje skal ha ei regional utbreiing. Satsingar på særskilt gode forskingsmiljø vil også kunne etablerast. Kva type satsing det er tale om vil gå fram av søknad og vedtak i Det regionale samarbeidsorganet.

Forankring

- Det regionale samarbeidsorganet forventar forankring i det føretaket som får hovudansvar for satsinga, og at føretaket ser det som sitt ansvar å vidareføre og vidareutvikle det etablerte forskingsmiljøet i regionen sin føretaksstruktur ved utløp av finansiering.

Regionalitet

- Ikkje alle satsingar vil vere dekkjande for heile regionen, men satsingane skal alltid vere opne for deltaking frå andre aktuelle fagmiljø i regionen.
- Dersom satsinga ikkje lukkast med å få med relevante fagmiljø vert det forventa at satsinga orienterer det aktuelle helseføretak ved fag/forskningsdirektør.

Inkludering av andre føretak

- Dei regionale satsingane har ansvar for å invitere alle aktuelle og relevante miljø frå dei andre føretaka med i satsinga sin aktivitet.

Fordeling av midlar

- Midlar skal fordelast etter den aktuelle aktiviteten som skissert i søknaden, dette må vere avtalt på førehand. Det er ikkje noko mål at midlane skal fordelast til føretaka etter størrelse.